



Sunnfjord
kommune



Konkurransesgrunnlag

Snøbrøyting av kommunale vegar og plassar

i Sunnfjord kommune:

- *Kleppe*
- *Viksdalen og Vikumvegen*
- *Oppedal*

Sak: 21/8855



1. Invitasjon til å levere tilbud

Sunnfjord kommune ynskjer tilbud på brøyting og anna vintervedlikehald på kommunale vegar og plassar på tre roder: SUB-203 Kleppe, SUB-205 Viksdalen og Vikum, og SUB-206 Oppedal.

Konkurransesgrunnlaget med vedlegg skal vere grunnlag for tilbudet. Anbudskonkurransen følgjer lov om offentlig anskaffelser og forskrift om offentlig anskaffelser del II.

1.1 Innlevering

Tilbudet skal vere merka med: **Tilbud vintervedlikehald 2021**

Fristen for å levere tilbud er måndag **27. oktober 2021, kl. 12.00**

Tilbudet sender du som e-post til:

postmottak@sunnfjord.kommune.no, eller som brev til Sunnfjord kommune, postboks 338, 6802 Førde. E-post og brev må vere sendt/stempla innan kl. 12.00.

1.2 Tidsplan

Aktivitet	Tid
Utlysing på Doffin	30.09.2021
Frist for innlevering av tilbud	27.10.2021
Anbudsopning	28.10.2021
Karenstid	07.11.2021
Kontraktsignering	07.11.2021

1.3 Opning

Tilbud skal innehalde alle dei opplysningane som tilbudsdokumenta krev. Mangelfulle tilbud kan bli forkasta. Tilbud som kjem inn etter fristen vil bli avvist.

1.4 Vedståingsfrist

Tilbudet skal vere gyldig i 3 månader frå tilbudsfristen.

1.5 Kostnader

Kostnader som tilbydar pådrar seg ved utarbeiding av tilbudet vil ikkje bli refundert av oppdragsgjevar.

1.6 Kontaktperson

All kommunikasjon i tilbudsfasen skal skje skriftleg på e-post til:

Sissel.vedvik@sunnfjord.kommune.no

E-posten skal ha tittel: **Spørsmål til anbuds konkurranse om vintervedlikehald.**

Det skal ikkje vere anna kontakt/kommunikasjon med oppdragsgivar når det gjeld tilbuds konkurranse enn nemnde e-postadresse.



Kontakt retta mot andre enn nemnde kontaktpersonar under utarbeiding eller evaluering av tilbod vil kunne føre til diskvalifisering av tilbydar.



2 Innhold

1.	Invitasjon til å levere tilbud	2
1.1	Innlevering	2
1.2	Opning	2
1.3	Vedståingsfrist	2
1.4	Kostnader	2
1.5	Kontaktperson	2
3	Generelt	5
3.1	Arbeidstype og omfang	5
3.2	Avtaleperiode og opsjon	5
3.3	Brøyteutstyr	5
4	Tilbudsreglar	6
4.1.1	Krav til arbeids- og lønnsvilkår	6
4.2	Kvalifikasjonskrav	6
4.2.1	Vilkår for oppfylning av kontrakt:	7
4.3	Tildelingskriterier	7
4.3.1	Utvelging	7
4.3.2	Prising av tilbud	7
4.3.3	Tildeling	7
4.4	Kontraktsinngåing	8
5	Kontraksreglar	8
5.1	Prisar – prisnivå – prisregulering	8
5.2	Godtgjersle, oppgjersform, fakturering, og betaling	8
5.3	Forseinking	8
5.4	Ansvar for feil og manglar – erstatning	9
5.5	Misleghald og oppseiing av kontrakt	9
5.6	Dokumentrang	9
5.7	Tvistar	9
5.8	Køyre- og kviletid	9
5.9	Arbeidstid	10
6	Helse-, miljø-, og tryggleik	10
6.1	Helse-, miljø og sikkerheit	10
6.1.1	Bruk av varsellykt	10
6.1.2	HMS Maskiner og lastebilar	10



6.1.3	Handsaming av brot på verne- og tryggleiksreglar	10
7	Vedlegg	10
	• Spesifikasjonar og krav	10
	• Brøyteinstruks	10
	• Tilbodsskjema	10
	• Kontraktmal.....	10
	• Kart og rodeoversikt	10
	• Eigenerklæring, kvalifikasjonskrav.....	10

3 Generelt

3.1 Arbeidstype og omfang

Tilbodsinnbydinga gjeld tilbud på utføring av vinterarbeid med brøyting, snørydding, strøing/salting, rydding av vegkryss, og liknande knytt til kommunale vegar og plassar i Sunnfjord kommune. Aktuelle offentlege vegar og plasser går fram av vedlagt oversikt med inndeling i roder. Nærare spesifisering for kvar rode er gitt i dokumentet for kvar brøytekontrakt.

Arbeidet omfattar leige av lastebilar, traktor og maskiner med førar til vintervedlikehaldsarbeid som nemnt over.

Tilbydar skal førebu og planlegge arbeidet slik at vintervedlikehaldet kan gjennomførast på ein tilfredsstillande måte gjennom heile vintersesongen. Arbeidet skal utførast i samsvar med gjeldande retningslinjer for vintervedlikehald, jamfør vedlegg 1 – instruks vintervedlikehald.

Gjev ein tilbud på fleire roder skal det dokumenterast tilstrekkeleg kapasitet , både på utstyr og mannskap.

3.2 Avtaleperiode og opsjon

Lengda på kontrakten vil vere 5 år. Frå og med 30.10.2021 – 01.05.2027, med opsjon på ytterlegare 2 x 1 år/vintersesongar. Oppdragsgjevar sin frist for å nytte opsjonen skal vere 01.07.2027, og ev. 01.07.2028.

3.3 Brøyteutstyr

Leverandøren skal halde alt nødvendig utstyr. Leverandøren sitt ansvar omfattar òg naudsynt vedlikehald og reparasjonar av utstyret.

Brøyteutstyr må vere tilpassa vegen eller plassen som skal brøytast.



4 Tilbudsreglar

Tilbudet skal gjevast på vedlegg 2 – tilbudsskjema. Kvart tilbud skal vere datert og signert av leverandøren.

Oppdragsgivar planlegg å gjennomføre dialog gjennom forhandlingar med ein eller fleire av leverandørane som leverer tilbud i konkurransen. Forhandlingar blir ikkje gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer at forhandlingar ikkje er føremålstenlege. Dialog i form av rettingar/avklaringar blir gjennomførte ved behov.

4.1.1 Krav til arbeids- og lønnsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

4.2 Kvalifikasjonskrav

Oppdragsgivar set krav til leverandørane som gjeld teknisk kvalifikasjon, finansielle og økonomiske stilling. Kravet skal sikre at leverandørane er eigna til å kunne oppfylle plikter gitt i kontrakt.

For å kunne få tilbudet evaluert må leverandøren levere eigenerklæring (vedlegg 5), om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrav som er gitt tabell under.

Nr.	Kvalifikasjonskrav	Krav til dokumentasjon
1	<i>Tilbudsokumentet</i>	Tilbudsokumentet skal innehalde underskrift og evt. Firmastempel, og skal vere sendt Sunnfjord kommune innan fristen i lag med fullstendig tilbuds-dokumentasjonen.
2	<i>Skatteattest</i> Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsavgift og meirverdiavgift.	Skatteattest, ikkje eldre enn 6 mnd.
3	<i>Leverandøren sin organisatoriske og juridiske stilling</i> Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Firmaattest
4	<i>Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet</i> Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd.
5	<i>Tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren</i> Erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Skildringa må inkludere opplysning om verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post) av oppdraget. Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa



Den eller dei leverandørane som blir innstilt til kontraktsinngåing må, før kontrakt blir inngått dokumentere at dei oppfyller kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonskrava.

4.2.1 Vilkår for oppfyljing av kontrakt:

Arbeidsvarslingskurs:

Kommunale vegar i Sunnfjord kommune endar ut i riks- fylkes, eller europaveg. Det vert sett krav om kurs i arbeidsvarsling (kurs 1, -7 timar) for dei som skal utføre vedlikehald på kommunale vegar, i samsvar med Vegdirektoratet, handbok N301 «Arbeid på og ved veg», vedlegg 2.

Dokumentasjon løns- og arbeidsvilkår:

Leverandør skal på nærare førespurnad kunne dokumentere løns- og arbeidsvilkår for egne tilsette, og tilsette hjå underleverandør som direkte medverka til å oppfylle kontrakten. Kontrakten skal ha løns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale, eller det som elles er normalt for vedkommande stad og yrke.

4.3 Tildelingskriterier

4.3.1 Utveljing

Ved utveljing vil det verte lagt vekt på:

- at tilbydar held sine plikter i høve offentlege styremakter og lov- og regelverk
- fagleg kompetanse
- effektivitet
- erfaring
- pålitelegheit
- kapasitet maskiner og utstyr

4.3.2 Prising av tilbod

Tilbodet skal gis med to alternative prisar.

Fastpris: pris per år, som skal dekke alle kostnader for utføring av arbeidet med vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar i samsvar med tilbodsinnbydinga og instruksen.

4.3.3 Tildeling

Oppdraget vert tildelt den leverandør med tilbod som har det beste forholdet mellom pris, kvalitet og teknisk stand til maskiner og utstyr.

Kvalitet blir vurdert ut frå referansar, uttrykkingstid og beredskap, og leveringstryggleik. Pris vil bli tillagt størst vekt.

Alle prisar skal vere eks. mva og listast opp i vedlagt tilbodsskjema jf. vedlegg 2.

Sunnfjord kommune tek atterhald om rett til å ta oppdraget i eigenregi dersom dette er mest gunstig. Denne vurderinga vert gjort med bakgrunn i prisane som er gitt.



4.4 Kontraktsinngåing

Av omsyn til klåre ansvarstilhøve mellom tilbydar og Sunnfjord kommune, vert kontrakt berre inngått med ei juridisk sjølvstendig eining. Når kontrakt er underskriven av tilbydar og av Sunnfjord kommune, gjeld tilbudsgrunnlaget/tilbodet som kontrakt.

Arbeidet kan ikkje starte opp før avtalen er underskriven og alle dokument som er kravd er levert Sunnfjord kommune.

5 Kontraksreglar

5.1 Prisar – prisnivå – prisregulering

I prisane skal det vere inkludert alle kostnader for utføring av arbeidet, utanom meirverdiavgift. Prisane vert justert 1 gong pr. år og det skal nyttast Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for drift og vedlikehald av vegar, vintervedlikehald. Det skal nyttast statistikken for 2. kvartal. Denne gir kompensasjon fram til 30. juni kvart år. Første justering vert pr. 2. kvartal 2022 og vil gjelde f.o.m. 01.08.2022. Kommunen forventar at tilbydaren har ein årleg produktivitetsgevinst på minst 1 %, og vil redusere prisane/prisreguleringa med denne satsen for kvar sesong f.o.m. hausten 2022. Total regulering kan ikkje verte negativ. Tilbydar er ansvarlig for å oppdatere prisane.

5.2 Godtgjersle, oppgjersform, fakturering, og betaling

Tilbodet skal gis med to alternative prisar.

Fastpris: pris per år, som skal dekke alle kostnader for utføring av arbeidet med vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar i samsvar med tilbodsinnbydinga og instruksen.

Tilbod med einingsprisar. Pris per år for beredskap, og einingsprisar for utføring av arbeidet med vintervedlikehald av kommunale vegar og plassar i samsvar med tilbodsinnbydinga og instruksen.

Medgått tid skal registrerast og dokumenterast. Fakturering for beredskap og utført brøyting skal skje i samsvar med kontrakt, jf. vedlegg 3.

1. Fastgodtgjersle.

Vert utbetalt i like store beløp, den 15. i kvar måned i beredskapsperioden - etterskotsvis.

2. Timegodtgjersle.

Vert betalt for utført timearbeid. Tilbydaren leverer/sender faktura innan den 15. i kvar måned for utført arbeid.

Utbetaling for timegodtgjersle vil skje i samsvar med Sunnfjord kommune sine rutinar, dvs. 30 dagar etter at faktura er registrert motteken.

5.3 Forseinking

Ved forseinking eller manglande levering/utføring av arbeid kan tilbydaren haldast ansvarleg for ekstra kostnader.



5.4 Ansvar for feil og manglar – erstatning

Tilbydaren er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med kontrakten sine tekniske spesifikasjonar og krav. Tilbydaren har plikt til snarast mogeleg og for eiga rekning å rette feil eller på anna måte utbetre manglar slik at avtalte spesifikasjonar vert oppfylte. Partane er kvar for seg ansvarlege for alle dokumenterte tap dei påfører kvarandre eller tredjemann ved misleghald eller manglande aktsemd.

Tilbydaren er ansvarleg for eventuelle skadar på privat og offentleg eigedom under utføring av arbeidet.

5.5 Misleghald og oppseiing av kontrakt

Sunnfjord kommune kan heve kontrakten ved vesentleg misleghald. Heving av kontrakt skal skje skriftlig.

Ved misleghald skal tilbydaren gis ein skriftleg refs med 14 dagar frist til å rette opp tilhøvet. Dersom tilbydar ikkje utbetrar det aktuelle misleghaldet etter to skriftlege refsar same sesong, kan Sunnfjord kommune skriftleg heve kontrakten med 14 dagar varsel. To skriftlege refsar vert sett på som vesentleg misleghald. Som misleghald evt. vesentleg misleghald vert mellom anna rekna:

- dersom tilbydaren ikkje overheld sine plikter i høve til offentlege myndigheiter. Særleg gjeld dette når han oppnår økonomisk vinning av verdi ved ikkje å overhalda desse pliktene
- dersom tilbydaren bryt andre reglar i tilbodsgrunnlaget
- dersom det kan påvisast at tilbydaren har gitt feil opplysningar for å skaffe seg sjølv urettvis økonomisk gevinst

Tilbydaren har krav på betaling for utført arbeid trekt frå oppdragsgivar sine eventuelle utgifter i samband med heving av kontrakten.

Dersom Konkurransetilsynet dreg inn ein transportsentral sin dispensasjon frå konkurranselova §§ 3-1, 3-2, 3-4 kan Sunnfjord kommune skriftleg seie opp kontrakten med 3 månader varsel.

Kontrakten kan seiast opp av begge partar med 3 månader varsel, dersom oppseiinga kan grunngis ut frå tilhøve som partane ikkje hadde kjennskap til - eller burde ha hatt kjennskap til ved kontraktsinngåinga. Tilbydaren kan ikkje levere oppseiinga i tidsrommet 1. august – 1.januar

5.6 Dokumentrang

Dersom dokumenta i tilbodsgrunnlaget/kontrakten inneheld reglar som strid mot kvarandre skal dei rangerast i følgjande rekkefølge:

- avtaledokumentet
- tilbodet/ tilbodsgrunnlaget

5.7 Tvistar

Dersom det oppstår tvistar i samband med kontrakten, skal saka søkast løyst ved forhandlingar. Fører forhandlingar ikkje fram skal saka avgjerast av dei ordinære domstolane. Partane pliktar å oppfylle kontraktpliktene sine i den tida tvistar vert forhandla om eller er til avgjerd ved domstol.

5.8 Køyre- og kviletid

Dei typar arbeid som er omfatta av dette tilbodet er unnateke køyre- og kviletidsreglane.



5.9 Arbeidstid

Det vert ikkje nytta fast arbeidstid på denne typen arbeid. Leverandøren må rekne med å yte arbeidsinnsats heile døgeret, avhengig av vær- og føretilhøve. Det vert vist til instruks for arbeidet.

6 Helse-, miljø-, og tryggleik

6.1 Helse-, miljø og sikkerheit

For å hindre uønskt miljøforureining skal tilbydar oppfylle krava i «Lov om vern mot forureining og om avfall». Dette gjeld både støy til omgjevnadene, t.d. ved nattarbeid, og avgass ved ikkje naudsynt tomgangskøyning. Bortkøyning og deponering av snø som kan føre til kjemisk forureining, skal skje etter Sunnfjord kommune si tilråding

6.1.1 Bruk av varsellykt

Tilbydar pliktar å gjere seg kjent med instruksen for bruk av varsellykt. Det vert vist til gjeldande reglar utarbeidd av Vegdirektoratet, handbok N301 "Arbeid på og ved veg".

6.1.2 HMS Maskiner og lastebilar

Tilbydar må rekne med at lastebilen/traktoren/maskinen sin tilstand og sikkerheit kan bli kontrollert av Sunnfjord kommune / vernetenesta. Eventuelle krav om endringar/utbetringar frå Sunnfjord kommune som er heimla i gjeldande lover, forskrifter og tilbodsgrunnlag skal kostast av lastebil-/maskineigar utan kompensasjon frå Sunnfjord kommune.

6.1.3 Handsaming av brot på verne- og tryggleiksreglar

Brot på gjeldande verne- og sikkerheitsreglar skal påtalast for tilbydar på same måte som for eigne tenestemenn.

7 Vedlegg

- **Spesifikasjonar og krav**
- **Brøyteinstruks**
- **Tilbodsskjema**
- **Kontraktmal**
- **Kart og rodeoversikt**
- **Eigenerklæring, kvalifikasjonskrav**